



**SAMNANGER KOMMUNE**  
Eining for kultur

Hordaland fylkeskommune  
Bjørg Larsen

*Vår referanse:*  
2017000495/17/5026/7/ASL

*Arkivkode:*  
FE - 233, FA - D10

*Dykkar referanse:*

*Dato:*  
03.05.2017

**Melding om politisk vedtak - Prioritering av søknader tilskotsordninga tilskot til lokale kulturbrygg**

Formannskapet- 016/2017, har i møte 27.04.2017 fatta følgjande vedtak:  
Samnanger kommune prioriterer søknader til ordninga Tilskot til lokale kulturhus slik:  
1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale.

Med helsing

Arnved Soldal Lund  
kultursjef

**Adresseliste:**  
Hordaland fylkeskommune



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Lund, Arnved Soldal	<b>Arkivkode:</b> FE - 233, FA - D10
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/495	<b>Løpenr:</b> 17/4234
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.04.2017	016/2017

### Prioritering av søknader tilskotsordninga tilskot til lokale kulturbygg

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknader til ordninga Tilskot til lokale kulturhus slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale.

#### Dokument som er vedlagt:

Prioriteringsliste lokale kulturbygg 2017

#### 27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

#### FORM- 016/2017 Vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknader til ordninga Tilskot til lokale kulturhus slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale.

#### Kva saka gjeld:

Tilskot til lokale kulturbygg er ei tilskotsordning kor føremålet er å etablera eigna lokale, bygningar og uteareal som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Ordninga vert administrert av Hordaland fylkeskommune. Ein kan söke om 1/3 tilskot av godkjent kostnadssum.

Tilskotet er ein del av spelemidlane frå Norsk Tipping, og det er avgrensa kor mykje midlar Hordaland fylkeskommune får til utdeling.

Samnanger kommune har ansvar for å kontrollera og sakshandsame søknadene, samt å prioritera dei søknadene som har kome inn. I 2017 har det kome inn ein søknad.

Det er krav om at prioriteringslista vert politisk handsama.

Samnanger kommune har fornya sin søknad om tilskot til kjøp av nytt biblioteklokale på Bjørkheim på kr 4 660 000. I formannskapet i sak 27/16 vart det vedteke at Samnanger kommune skulle søke tilskot. I 2016 vart søknaden formelt godkjent, men den vart ikkje stetta.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Dersom prioriteringslista ikkje vert politisk handsama vert ikkje søknadene godkjent av Hordaland fylkeskommune og kan ikkje få tilskot.

Det har berre kome inn ein søknad og denne får førsteprioritet.